

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 19/2003

Møtedato: 26.03.03

Arkiv nr: F 378

## F 378, FLISØYNE – KLAGE OVER FJELLSTYREVEDTAK

Fjellstyret har drøfta oppføring av nytt uthus og inngjerding av festet.

I sak 14/00 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret finn ikkje at det ligg føre grunnar for å tilrå dispensasjon og tilrår at Grøndahl før føre opp tilsvarande areal som er i dag. Ein har ingen merknader til plassering av annekset. Omfanget av inngjerding må ein sjå på ved befaring til sumaren.*

Fjellstyret såg på saka saman med Statskog og festaren under befaring den 5.6.00.

I sak 36/00 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret tilrår at inngjerdinga blir redusert på øvresida slik at gjerdet blir gåande parallelt med annekset og hytta i ein avstand på 1,5 meter frå annekset og 7,5 meter frå hytta. På sørsida skal gjerdet gå vinkelrett ned til fjorden sør for flaggstonga med ein avstand på 1 meter.*

Ved kontroll den 7.7.02 var korkje det gamle uthuset rive eller gjerdet flytta. Statskog har i brev datert 9.8.02 bedt om utale frå Arne Grøndahl.

I brev datert 4. september skriv Grøndahl at det gamle uthuset vart fjerna i slutten av august. Sidan det ikkje vart gjeve løyve til å utvide arealet på uthuset, meiner festaren at reduksjon av inngjerdinga ikkje var eit vilkår for å føre opp nytt uthus.

Fjellstyret har i sak 53/00 behandla følgjande reglar for inngjerding.

1. Hytter skal i utgangspunktet ikkje føre opp gjerde.
2. Etter skriftleg søknad kan det gjevast dispensasjon til inngjerding når det ligg føre særleg behov, t.d. mykje beitedyr.
3. Gjerde skal førast opp av trematerialar. Portalar e.l. er ein del av gjerde og skal ikkje tillast.
4. Løyver for inngjerding skal kunne seiast opp med 6 månaders varsel.
5. Ved hytter på stølsjorder skal ein normalt kunne gjerde inn hyttetunet. Hyttefestaren skal også føre opp gjerde dersom stølsbrukaren krev det.
6. For hytter i hyttefelt skal det berre gjevast dispensasjon for mindre inngjerdingar t.d. uteplass/inngangsparti.
7. For hytter utanom stølsjorder og hyttefelt kan det gjevast dispensasjon for inngjerding av inntil 500 m<sup>2</sup>, men det kan i særlege tilfelle gjevast løyve for større areal.
8. Ved festeoverføringar og søknad om byggeløyve skal ein prøve å få eldre inngjerdingar i samsvar med overståande.

Statskog bad fjellstyret om uttale til saka.

I sak 82/2002 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Festaren har fått ei langt større inngjerding enn det som er normalt og fjellstyret finn ikkje at det er lagt fram nye opplysningar som gjer at ein kan endre tidlegare vedtak.*

I skriv datert 7.3.03 skriv Odd Grøndahl følgjande:

**KLAGE - AVGJØRELSE I VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE - REDUKSJON AV OMFANG INNGJERDING**

*Gjennom Sivilombudsmannen er jeg blitt gjort kjent med at fjellstyrets vedtak kan påklages Statens landbruksforvaltning. Sivilombudsmannen sier at klagefristen er 3 uker fra det tidspunkt underretning om fjellstyrets vedtak kom meg i hende. Imidlertid begjærer jeg oppreisning for fristoversittelsen i henhold til forvaltningsloven § 31 i det fjellstyret ikke har opplyst meg om klagemuligheten.*

*Min bestefar, Arne Grøndahl fra Vestre Slidre, bygde i slutten av 1800-tallet en støl i fjellet ved Flisøyne i Vestre Slidre.*

*Da bestefar overlot gården til sin sønn, Eivind, ca. 1930 bygde bestefar hytte på stølsjordet. Min far, Ola, overtok hytta i 1957. Far døde i 1975 og mor eide hytta til sin død i 1998. Siden da har 2 av mine søsken og jeg eid hytta.*

Uthuset, som også ble satt opp rundt 1930, var meget forfallent da vi overtok. Etter rådføring med bygningskyndig fremsto riving som eneste alternativ.

Vi søkte om å få sette opp et nytt uthus/anneks på 30 kvm.

I brev av 20. mars 2000 fra Statskog, etter at vi hadde sendt nevnte søknad, får vi for første gang beskjed om at en bør se på inngjerdingens størrelse.

I brev til Statskog av 26. april 2000 fremkommer gjerdets historie og plassering.

Møtebok for Vestre Slidre Fjellstyre, møtedato 25. april 2000 viser at vi ikke fikk dispensasjon til nytt uthus/anneks på 30 kvm, men fikk erstatte det gamle uthuset på 21,16 kvm med et tilsvarende nytt. Videre heter det: "Omfanget av inngjerding må ein sjå på ved befaring til sumaren".

Møtebok for Vestre Slidre Fjellstyre, møtedato 26. juni 2000 sier: Fjellstyret tilrår at inngjerdinga blir redusert på øvresida slik at gjerdet blir gåande parallelt med annekset og hytta i ein avstand på 1,5 meter frå annekset og 7,5 meter frå hytta. På sørsida skal gjerdet gå vinkelrett ned til fjorden sør for flaggstonga med ein avstand på 1 meter".

Videre vedlegges kopi av 2 brev fra Statskog datert henholdsvis 4. august 2000 og 9. august 2002.

I vårt svarbrev av 4. september 2002 redegjør jeg for riving og bortrydding samtidig som jeg tar opp spørsmål rundt flytting av gjerde. Deler av gjerdet har hatt samme linje i ca. 100 år, nye gjerdelinjer ble godtatt i forbindelse med regulering av fjorden i 1958/59, og siden har det gjennom 45 'ar blitt fornyet og holdt ved like. Det har gjennom årene vært mange befaringer i området uten at gjerdet har vært tema.

Møtebok for Vestre Slidre Fjellstyre, møtedato 30. oktober 2002 viser at fjellstyret ikke har vurdert noen av mine innsigelser og gjør følgende vedtak: Festaren har fått ei langt større inngjerding enn det som er normalt og fjellstyret finn ikkje at det er lagt fram nye opplysningar som gjer at ein kan endre tidlegare vedtak".

I samme møtebok viser de til at fjellstyret i sak 53/00 hadde behandlet regler for inngjerding. Reglene er ramset opp i 8 punkter. I punkt 7 heter det: for hytter utanom stølsjorder og hyttefelt kan det gjevast dispensasjon for inngjerding av inntil 500 kvm, men det kan i særlige tilfelle gjevast løyve for større areal.

Etter min vurdering må nevnte punkt kunne anvendes i vårt tilfelle. Som jeg ga uttrykk for i mitt brev av 4. september få. kan jeg ikke se hvem gjerdet skulle være til ulempe for. Det er et beskjedent antall husdyr i området. Imidlertid er det en støl med ku i nærheten og det er mulig at innehaveren av denne, som for øvrig er leder av Vestre Slidre Fjellstyre og interessent i saken, mener at gjerdet er til sjenanse for buskapen.

Jeg ber om at saken vurderes på nytt slik at gjerdet kan stå der det har stått, uten innsigelser, i 45 år, eventuelt finner et kompromiss som begge parter kan bli fornøyd med, på bakgrunn av følgende:

- Opprinnelsen av stølen og gjerdet er over 100 år gammel
- Nåværende gjerdelinjer har stått i snart 45 år
- Vi har påkostet og holdt gjerde i orden i alle år og flere befaringer i området har vært holdt uten at gjerde noen gang har vært tema
- Veien bort til hytten er privat og ender ved hyttetunet
- Vi kan ikke se at gjerdet medfører ulemper for noen
- Vi har egen brønn som ble gravd i 1960 og det er ikke forsvarlig at gjerdet skal settes 40 cm fra brønnen.
- Vestre Slidre fjellstyre har ikke, så langt det er fremkommet, vurdert noe av innholdet i mitt brev av 4. september 2002 til Statskog som avsluttes med håp om å finne en positiv løsning, for begge parter, på gjerdelinjene.

Etter forvaltningsloven § 28 kan enkeltvedtak påklagast av ein part eller annan med rettslig klageinteresse i saka til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmast overordna det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket (underinstansen). Klageinstans for fjellstyrevedtak er Direktoratet for naturforvaltning (jakt- og fiskesaker) og Statens landbruksforvaltning (andre saker). Klageretten gjeld berre enkeltvedtak. Fjellstyret har gjort tilråding over for Statskog som har gjort endeleg vedtak i saka. Fjellstyret sitt vedtaket er derfor ikkje å rekne som enkeltvedtak jfr. forvaltningsloven § 28 og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Det er rutine frå Statskog si side at tidlegare inngjerdingar blir vurderte når det kjem opp saker/søknader som vedkjem fritidsfester i statsallmenningen. Vedtaket i denne saka har ikkje bakgrunn frå innsigelsar frå grannar med beitedyr eller privatinteresser frå fjellstyreleiaren, som antyda i klagen frå Odd Grøndahl.

**VEDTAK:**

Det er etter fjellstyret sitt syn ikkje klagerett i saka og finn ikkje å kunne gjere om vedtaket. Skriv m/vedlegg frå Odd Grøndahl blir oversendt Statens landbruksforvaltning.

Skulle Statens landbruksforvaltning likevel finne at det er klagerett over vedtaket, kan saka behandlast utan ny behandling i fjellstyret.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 27.3.03.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog , 2901 Fagernes  
Odd Grøndahl, Åkersvev. 4, 2830 Raufoss  
Statens landbruksforvaltning, seksjon for arealforvaltning, 8140 Dep, 0033 Oslo